

Hei og velkomen til Voss Leirskule – vår-haust elevar!

Mål for veka:

Mål for veka: Målet for vår- og haustprogrammet er fysisk aktivitet, friluftsliv, økologisk landbruk, historie og tradisjon i fokus.

Vår- og haustprogrammet består blant anna av:

- omvising av Voss
- ein dag hjå [Voss klatre- og ziplinepark](#)
- Ein dag fjelltur med [Voss gondol](#)
- Me besøker [Bordalsgjelet](#), [Finnegarden](#) og [Mølstertunet](#) (frå 1500-talet)
- Sosialt på kvelden omkring bål og/eller bading i vatnet

Programmet kan tilpassast etter deltakarane og vêret.

Ulike døme på tilleggsaktivitetar for leirskulen (tilleggskostnad):

- [Voss Bowling](#)
- [Voss vind](#) - moglegheit for å fly i vindtunell
- [Vossabadet](#)
- [Voss FLOW](#) med SUP og havkajak
- [Voss Active familierafting](#)
- [Vossamoro](#) med bobblefotball

Generell informasjon:

Voss Herad med leirskulelærar har ansvaret for det pedagogiske opplegget. Voss Vandreheim har ansvaret for den daglege drifta ved forlegninga. Leirskulen nyttar seg av lokale aktørarar som står ansvarleg for det tryggleiksmessige og elevane under aktivitetar. Det vert tidleg eit møte om informasjon, regler og forventningsavklaring.

Bilete og video: Det vert tatt bilete og video på leirskulen for å promotere leirskulen. Gi beskjed til kontaktlærar om det er nokre restriksjonar mot dette.

Praktisk informasjon:

- Ved ankomst stiller elevane opp føre inngangen til Vandrarheimen rom for rom. Ein vaksen får romkort og romoversikten. Romkortet må ein ta godt vare på, det er 25 kroner i gebyr viss ein mister det. Elevane må legge på laken, sengetøy, ete lunsj og skifte til klede.
 - Det vert sjekka at laken og sengetøyet er ordna i løpet av ettermiddagen/kvelden.
- **Møte:** Leirskulelæraren tar eitt møte med dei vaksne når elevane har gått på romma.

Tidspunkt: Vanlege oppstartstidspunkt med mindre anna er avtalt eller i dagsplanen er:

- | | |
|-------------|---|
| 7.00 | Vekking eller anna tidspunkt viss avtalt i programmet. Lærarane har ansvar for å vekke elevane. |
| 7.30-8.50 | Frukost og tid til å ordne klede og utstyr ein treng for dagsprogrammet. Eller anna tidspunkt viss avtalt i programmet. |
| 8.50 | Går gruppa framfor Vandrarheimen sin inngangen og tar leirskulelæraren tar ein gjennomgang av dagen, vêrforhold og andre beskjeder. |
| 9.00 | Aktivitetar lik oppsett program |
| 11.30-12.30 | Lunsj, men det kjem ann på programmet. Elevane må ordne seg lunsj for det er mykje aktivitet under opphaldet som krev energi. |
| 12.30 | Aktivitetar lik oppsett program etter ete lunsj. |
| 1730. | Middag med mindre det står anna i programmet eller anna tidspunkt er avtalt. |
| 23.00 | Elevane er på kvar sitt rom og det er ro. |

Vêrforhold:

For at elevane skal ha best mogleg oppleving er det viktig med gode og riktige klede. Av erfaring frå tidlegare leirskular er det ein del av elevgruppa som ikkje kler seg godt nok når ein skal på tur. Ein må nytte lag på lag prinsippet med ull innerst, ull/fleece mellomlag og skallplagg ytterst avhengig av temperatur og vêret. Her er ein guide for god og riktig klede til på tur:



Bekledning på tur

Kjelder: Furuly, C. D., Kjeldsen, R., Rolseth, B. E. (2019, 5. desember). Bekledning på tur. NDLA. <https://ndla.no/article/20467>.

Kle deg rett i vinter av ☒

PUBLISERT: 18.12.2018. AV: IVER GJENDEM.
FOTO: FOTO: IVER GJENDEM, FOTO: THOMAS

MARKENTO ANDRESEN.

Her er nokre informasjonslenker: **Yr - Vossevangen - Voss.** Hangur vêrstasjon 811 moh.
Webkamera og føremelding Voss Resort

Utstyr:

- Sjå eige utstysliste vår-haust.
- **Alle MÅ merke** godt alt av **eige utstyr**.
- Ein anbefaler sterkt at ein går i tursko/fjellsko og klede etter vêrforholda på tur og kvardagane.
- Det vert ein del gåing til og frå aktivitetar slik at me anbefaler gode sko.

Voss leirskule handlingsplan eller rutinar for akutte hendingar (alvorlege-, mindre skader, sjukdom og heimsending) på aktivitetar.

Den av personalet som først kjem fram til den skadde, tar sjølv eller sørger for at ein anna raskt tar kommandoen, får oversikt og sikrar at:

- Førstehjelp blir gitt, vurderer tilstand, alvorleg- og mindre skader. Head-to-toe-sjekk.
 - Sikre skadestaden.
 - Sett i gang tiltak – frie luftveg, HLR/ stoppe store pågåande bløding og stabilisering.
- Ambulanse **113** blir tilkalla basert på vurdering av tilstanden.
- Eigar/rektor blir varsla med vurdering av tilstand.
- Vinterleirskule: Oppstår det skader i skianlegget, skal ein ringe Skipatruljen Voss Resort **455 11 283**.
 - Alle vaksne og elever skal lagre dette nummeret.
 - Ring kontaktlærer(ar) og leirskulelærer som kan støtte i situasjonen.
- Vår- /haustleirskule og ved mindre skader eller sjukdom under opphaldet, ringer ein 116117 for å kome til nærmaste legekontor.
 - På Voss er det legevaktkontor på dagtid til kl.16.00 som skifter lokasjon.
 - Ring kontaktlærer(ar) og leirskulelærer som kan støtte i situasjonen.
 - Skader ein seg etter kl.16.00 er lokasjonen på Voss legevakt på Voss sjukehuset.
- Etter hendinga skal ein legge inn skaden i eit skadeskjema for Voss leirskule.
- Ved heimsending; hugs å gi beskjed til leirskulelærer og Vandrarheimen resepsjonen. Vandrarheimen må oppdatere brannlista.